

Vår sakshandsamar  
Steinar Nilsen 90564495

Vår dato  
19.05.2016

Vår referanse  
2012/4362-48/345

Tidligere dato  
04.02.2016

Tidligere referanse  
201300050-10

Til  
Norges vassdrags- og energidirektorat

Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

## Fråsegn til søknad om løyve til å byggje tre småkraftverk i Lærdal kommune i Sogn og Fjordane fylke

Forsvarsbygg ivaretek Forsvaret sine arealbruksinteresser i saker som vert behandla etter energiloven. Dei planlagde Tynjadalen kraftverk og Fosseteigen kraftverk vil kome i konflikt med Forsvarets interesser.

Forsvaret driv eit destruksjonsanlegg for ammunisjon nederst i Tynjadalen. Kraftstasjonen er planlagt rett ved vårt lagerbygg nederst i Tynjadalen. Lenger opp i dalen har Forsvaret destruksjonsanlegg for ammunisjon og lageranlegg for eksplosiv.

Vegen inn i dalen er stengd med port og området er skilta som militært område, der Forsvaret etter Sikkerhetsloven §18a har heimel til forby uvedkommande adgang til området. Forsvaret må ha kontroll på personell som oppheld seg innafor skjerma område, og er avhengig av minimal ferdsel for å kunne utøve sin aktivitet. Forsvaret vil ikkje kunne tillate den ferdsel av folk og køyretøy som vil vere naudsynt i anleggsperioden, då dette ikkje vil kunne skje samstundes med Forsvarets aktivitetar, som inneber stor risiko.

Omkring eksplosivlagera eksisterer ei eksplosjonsfare. Eksplosjonsfaren er beskrive gjennom berekning av såkalla iso-risk koter, sjå vedlagde kart 'Eiendomskart m/soner 142252 Tønjudalen'. Kartet syner 3 soner rundt eksplosivlagera. Sonene er berekna etter krav satt i *Forskrift om håndtering av eksplosjonsfarlig stoff* §7-3. Det vedlagte kartet blei sendt fra Forsvarsbygg til Lærdal kommune i 2014 for innlegging i dei kommunale arealplanane, i tråd med føresegna om arealmessige begrensningar gitt i *Brann- og eksplosjonvernloven* §20.

Den innerste sona syner det området der berre tilfeldig nærvær og trafikk til og frå eksplosivlageret kan akseptast. Planlagt inntaksdam og vassvegen frå dammen vil gå gjennom sone I med dei strengaste restriksjonane, og etablering av dam med nærvær av anleggspersonell vil vere i strid med denne standardføresegna for sone I.

Eit nytt anlegg vil òg kunne gje ein strålingsfare, som må utredast i forhold til mogleg påvirkning på eksplosiva.

Det planlagte Tynjadalen kraftverk lenger opp i Tynjadalen vil i den grad dei må nytte vegen forbi Forsvarets anlegg òg vere i strid med Forsvarets aktivitetar.

Forsvarsbygg må difor motsette seg at Tynjadalen kraftverk og Fosseteigen kraftverk blir gitt løyve.

Postadresse	Fakturaadresse	Telefon	E-postadresse	Org. nr.
Postboks 405	Fakturaserteret	815 70 400	post@forsvarsbygg.no	975 950 662
Sentrum	Postboks 4394	<b>Telefaks</b>	<b>Internett</b>	<b>Bankkonto</b>
0103 Oslo	2308 Hamar	23 09 78 03	www.forsvarsbygg.no	4714 10 00280

Bjørn Bergesen

Seksjonssjef arealplan  
Forsvarsbygg eiendom

Dette dokumentet er elektronisk godkjend og difor ikkje signert.

Kopi til:

Forsvarsstaben Postboks 800, Postmottak 2617 LILLEHAMMER

Vedlegg:

1 Eiendomskart m/soner 142252 Tønjumdalen

---